



## Generelle krav til rutinar ved sakshandsaming/godkjenning av søknader innan skogbruk

### Kommunen må ha rutinar som beskriv:

- Kven som har tilgang til fagsystemet, korleis blir nye tilgangar oppretta og sletta.
- Rollefordeling: Saksbehandlar: SKOG\_REGNSKAP og godkjennar: SKOG\_ANVIS
- Vurdering av habilitet og rutinar for inhabilitet.
- Rutinar for arkivering.
- Rutinar for kvar enkelt ordning (gjeldande regelverk og saksgang).

### SJEKKLISTE for alle typar søknader

- Alle grunnopplysningar/opplysningar om utbetalinga må vere utfylt.
- **Namn (skogeigar)** må stemme med namn på kontoeigar i ØKS (ikkje andre medeigarar eller ektefelle).
- **Kommunenummer, gards-/bruksnummer og skogfondkontonummer** må stemme med konto i ØKS (gjeld papirsøknad)
- **Skal utbetalast til:** bankkontonummer på søknad må stemme med bankkontonummer i ØKS ved utbetaling til skogeigar (gjeld papirsøknad)
- **Underskrifta til skogeigaren** må stemme med namn på kontoeigar i ØKS (ikkje andre medeigarar eller ektefelle) for søknad på papir.
- For utbetaling til dødsbo må det alltid ligge ved fullmakt.
- **Kostnad/beløp** skal vere utan meirverdiavgift (søknad om tilskot til skogkultur)
- **Meirverdiavgift:** skal vere ført under kode 730 (søknad om tilskot til skogkultur)
- **Faktura/bilag** er vedlagt. Dokumentasjon på kostnad må vere vedlagt. Dersom det er kjøpt tenester hos andre må det *alltid* vere vedlagt faktura.
- Mangelfulle søknader må returnerast. Dersom kommunen gjer endringar i ein søknad må det dokumenterast skriftleg.
- Kommunen arkiverer all dokumentasjon i eigne arkivsystem. For å forenkle jobben for godkjennar (SKOG\_ANVIS), bør all relevant dokumentasjon også vere lasta opp i ØKS.

### Sakshandsaming:

- Vurdere om tiltaket oppfyller krava for å kunne få tilskot (forskrift, lover og reglar).
- Vurdere om tiltaket er økonomisk, økologisk og fagleg forsvarleg.
- Vurdere søknaden opp mot risikoindikatorar i kontrollplanen; om søknaden bør plukkast ut til kontroll før den vert ferdig handsama.

### Før godkjenning gjeld kontroll av at:

- Tiltaket er økonomisk forsvarleg og tilstrekkeleg dokumentert (dokumentert kostnad).
- Tilskotet er innanfor den kommunale ramma.
- Tiltaket oppfyller krava for å kunne få tilskot (forskrift, lover og regler).